

# IT-reglar for elevar

## Ulstein Vidaregåande Skule

### 1. Definisjonar

- 1.1. Reglane i dette dokumentet gjeld for alle elevar ved dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal fylkeskommune, eller andre som er tildelt same brukarnivå, ved bruk av IT-system tilhøyrande skulen spesifisert over (heretter "Skulen") eller Møre og Romsdal Fylkeskommune (heretter "Fylket").
- 1.2. Med IT-system meinast mellom anna datamaskiner, arbeidsstasjonar, mobiltelefonar, kabla og trådløst nettverk, programvare, data og tilhøyrande element. IT-system nytta, eigd og/eller stilt til rådvelde av Skulen og/eller Fylket kan i teksten vidare verte referert til som "Systemet".
- 1.3. Du er på eit stort felles fylkeskommunalt nett der du har tilgang til eit område på elevnettet på Skulen pluss tilgang til Internett. Du har ikkje tilgang til andre brukarområde eller andre fylkeskommunale nett.
- 1.4. Reglane gjeld vel all bruk av Skulen eller Fylket sine IT-system, også utanom undervisningstid.
- 1.5. Fylket kan ha eigne reglar for bruk av Systema. Reglane spesifisert i dette dokumentet gjeld i tillegg til desse.

### 2. Bruk av Systemet

- 2.1. Som Brukar skal du berre nytte Systemet i samband med elevarbeid som er knytt til undervisninga ved Skulen og berre på det brukarnivået som du er gitt tilgang.
- 2.2. Det er ikkje lov å installere eller fjerne programvare eller maskinvare frå IT-system tilhøyrande Skulen og/eller Fylket utan at eksplisitt løyve er gitt frå Skulen sin Systemansvarleg på førehand.
- 2.3. Det er ikkje lov å tileigne seg rettigheter utover det som er angitt frå Skulen eller Fylket på førehand.

### 3. Lagringsmedie

- 3.1. Alle Cd-ar, eksterne harddiskar, minnepinnar eller andre medium som kan koblast til IT-systema for å tilby portabel lagringsplass, skal virussekkast før du nyttar dei i skulen sitt nett eller på skulen sine maskiner.
- 3.2. Medie med sensitiv informasjon skal leverast til IT-avdelinga på din skule for sikker sletting/øydelegging etter bruk.

### 4. Private IT-system

- 4.1. Berre Fylket eller Skulen sine IT-system skal nyttast i det kabla nettet. Det er ikkje tillate å kople til IT-system i Fylket eller Skulen sitt kabla nett utan etter avtale med Skulen sin Systemansvarleg på førehand.
- 4.2. Private datamaskiner eller mobiltelefonar kan *kun* kople seg på det trådløse nettet med SSID "Elever", utan etter avtale med Skulen sin Systemansvarleg på førehand.
- 4.3. Skulen og Systemansvarleg/IT-avdelinga har ikkje ansvar for, eller support for, private datamaskiner eller andre private IT-system utover tilkoplinga til det trådløse nettet.

### 5. Identitet

- 5.1. Brukarar skal *alltid* identifisere seg med sin eigen brukaridentitet (brukarnamn) og sitt eige passord (heretter kalt "identitet") - *aldri gjennom andre sine*.
- 5.2. *Berre du er ansvarleg for ditt tildelte område.*
- 5.3. Utlån av identiteten din til andre er ikkje tillete. Om du har mistanke om at identiteten din er kjend av andre, skal du snarast råd informere IT-avdelinga for skifte av passord.

### 6. Kunnskap

- 6.1. Brukarar skal alltid følge fylket eller dei lokale IT-ressursane sine retningslinjer og råd og har ansvar for sjølv å orientere seg i dokumentasjon og bruksanvisingar.

### 7. Logge ut

- 7.1. *Etter bruk skal brukaren alltid logge seg av Systemet.*

### 8. Rapporteringsplikt

- 8.1. Brukarar skal hindre at ikkje-autoriserte personar får utilsikta tilgang til Systemet - *og har plikt til å melde frå til næraste overordna om det skulle skje, eller på annan mistanke.*

### 9. Antivirusprogram

- 9.1. Eleven er pliktig, og sjølv ansvarleg for, å ha eit oppdatert antivirusprogram på si maskin.
- 9.2. Om eleven si maskin vert oppdaga som virusspreiar, og antivirusprogram ikkje er installert eller oppdatert, kan eleven verte utestengt frå Skulen og/eller Fylket sine nett, og kan verte halden ansvarleg for eventuelle skader på Skulen eller Fylket sine IT-system.
- 9.3. *Gratis antivirusprogram kan mellom anna finnast på følgjande nettstader:*  
[http://www.microsoft.com/security\\_essentials](http://www.microsoft.com/security_essentials)  
<http://www.avast.com>  
<http://free.avg.com>

## 10. Bruk av Internett og e-post

### 10.1. Det er *ikkje* lov:

- 10.1.1. å laste ned og bruke programvare og spel frå Internett til Skulen eller Fylket sine IT-system med mindre dette på førehand er godkjent av Systemansvarleg ved Skulen.
- 10.1.2. å laste ned pornografi, valds- og rasistisk prega materiale eller anna materiale som kan verke usømeleg.
- 10.1.3. å nytte Skulen og/eller Fylket sine IT-system til å laste ned programvare og spel frå Internett til eleven sine private IT-system med mindre dette på førehand er godkjent av Systemansvarleg ved Skulen.
- 10.1.4. å utveksle sensitive personopplysningar eller andre opplysningar du har teieplikt om.
- 10.1.5. å prøve å få tilgang til andre nett/dataområde enn det du er gjeve tilgang til.
- 10.1.6. å bruke fildelingsprogram som til dømes BitTorrent, DC++ eller Kazaa utan avtale med Systemansvarleg ved Skulen på førehand.

### 10.2. Det er lov:

- 10.2.1. å oppdatere seg fagleg gjennom tilgjengelege nettmedia som nettstader med fagleg relevant informasjon, lovdata, offentlege utgreiingar, nyhende, aktuell produktinfo og andre relevante kjelder
- 10.2.2. å utveksle ikkje-sensitiv fagleg informasjon med kollegaer og samarbeidspartnarar over Internett og e-post.

## 11. Bruk av loggar og innsyn i elevområde

- 11.1. Elevområde eller eleven sitt brukarområde er her definert som lagringsplass på Skulen sine IT-system, som eleven har tilgang til.
- 11.2. Systemansvarleg ved Skulen og IT-seksjonen kan nytte den logga nett-trafikken til grunnlag for driftsstatistikk. (Kor belasta nettet er, mest brukte sider i nettet osv.)
- 11.3. Dersom misbruk, sabotasje, grov risikoavferd, eller andre brot på retningslinjene gjer det naudsynt å gå inn på loggen eller elevområdet til ein person, må dette på førehand avklarast med den tryggleiksansvarlege ved Skulen.
- 11.4. Systemansvarleg ved Skulen har ved mistanke om misbruk etc. høve til å gå inn på ditt elevområde eller logg for kontroll. Dersom misbruk blir oppdaga, kan dette få konsekvensar for ordenskarakter.
- 11.5. Systemansvarleg ved Skulen kan utføre stikkprøvekontroll av elevane sine område. Dersom eleven har lasta ned program, spel o.l. som ikkje skal brukast i skulesamanheng vert eleven sin konto sperra.
- 11.6. Dersom det er oppdaga lovbrøt via Internett eller anna datakriminalitet, kan data frå loggen eller eleven sitt brukarområde stillast til disposisjon som bevismateriale overfor påtalemakta.

## 12. Lån av utstyr frå skulen

- 12.1. Elevar har moglegheit for å låne utstyr slik som kamera og berbare datamaskiner i kortare periodar frå IT-avdelinga ved Skulen. Eleven kan verte økonomisk ansvarleg ved tap eller skade på utstyr, eller misleghald av lånekontrakta. Lånekontrakta skrivast under av eleven ved utlevering av utstyr, og inneheld nærare detaljar.
- 12.2. Om eleven er under 18 år, godtek føresette ved underskrift av dette IT-reglement at eleven kan gjerast økonomisk ansvarleg etter punkt 12.1, og at elevens underskrift av ein låneavtale etter dette punktet er godkjent og bindande.



Fyllast ut og leverast til kontaktlærar:

Dato \_\_\_\_\_

### Forståing av IT-reglar for elevar

Eg har lese reglementet og stadfester at eg skal nytte Internett og Skulen og/eller Fylket sine IT-system i tråd med dei reglane som er gjeve i dette dokumentet.

Eg er innforstått med at Skulen har høve til å gå inn på mitt elevområde og logg, og at brot på reglane kan resultere i disiplinære tiltak og nedsett ordenskarakter.

Eg er innforstått med at eg kan gjerast økonomisk ansvarleg ved tap/skade på utlånt utstyr frå Skulen, eller misleghald av nærare spesifisert lånekontrakt.

Om eleven er under 18 år, godtek føresette med dette at elevens underskrift av ei lånekontrakt for utlån av utstyr er godkjent og bindande.

\_\_\_\_\_  
Signatur Elev

\_\_\_\_\_  
Signatur føresette (om eleven er under 18 år)

\_\_\_\_\_  
Namn eleven med trykte bokstavar

\_\_\_\_\_  
Namn føresette med trykte bokstavar  
(om eleven er under 18 år)